- Når ny tilkomstveg (V2) er opparbeidd og kan brukast som tilkomst til formål NÆ, skal eksisterande avkøyrsel stengjast.

6 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

- 10202045-RIGberg-NOT-001 Skredfarekartlegging Selje - Marine Harvest AS
- RA-INGGEO-01 Skredfarevurdering Rundereimstranda med vedlegg
- Miljøprøver Sjøbunn Rundereim
- Rundereimstranda M VU 2024 110212602-3017-01-001
- 2024-05-199_02r OSV
- 2024-05-199 _01r Datarapport

Planomtale

Detaljplan MOWI Rundereimstranda, gbnr. 271/16 mfl.

Stad kommune

Planid 202401

Versjon 13.03.2025

Innhald

1. Samandrag 4
2. Dagens situasjon 4
3. Bakgrunn/mål med planarbeidet 5
4. Planprosess og medverknad 6
5. Planstatus og rammer for planområdet 8
6. Planområdet, eksisterande situasjon 12
7. Omtale av planen 22
8. Verknad/konsekvensar av planframlegget 46
9. Avveging av verknadar 50
10. Plankart 50

Kontaktinformasjon:
Adresse: Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta
E-post: plan@oseing.no
Tel.: 70 04 52 20
Heimeside: www.oseing.no

Lokalisering	Rundereimstranda, Seljevegen 2485, i Barmsundet, Stad kommune.
Adresse	Seljevegen 2485
Gards- og bruksnr.	271/16 mfl.
Planid	202401
Areal på planområdet	Om lag 8 daa
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)plan)	Overordna plan; næringsareal, hamneområde i sjø, vegføremål og LNF (landbruk, natur og friluftsliv)
Forslagsstillar	MOWI ASA
Grunneigar	Privat
Plankonsulent	OSE AS v/ Bjarte Friisvold
Sidekontroll	Liv Karin Egset
Planen sine formål	Næring, veg, ferdsel i sjø, kai, bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
Aktuelle problemstillingar	Naturmangfald, naturfare, veg, utfylling i sjø
Er det varsla motsegn? (j/n)	N
Konsekvensutgreiingsplikt (j/n)	N
Informasjonsmøte halde (j/n)	N

1. Samandrag

Regulering for å leggje til rette for slamoppsamling frå sjømerdar, utfylling i sjø for nytt næringsareal, ny avkøyrsle og avklaring av naturfare.

2. Dagens situasjon

Bilete 1 Dagens situasjon ved planområdet, sett langs fylkesvegen frå nord over, og frå sør til venstre. Bilete teke 20203. Kjelde Statens vegvesen .

3. Bakgrunn/mål med planarbeidet

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Rundereimstranda, Seljevegen 2485, langs fylkesveg 618, ved Barmsundet, Stad kommune.

3.2 Mål med planen

Målsetjing med planen er å leggje til rette for:

- Utfylling i sjø for meir landareal til slamoppsamling
- Ny og tryggare tilkomst frå fylkesvegen
- Leggje til rette for framtidig utvikling av anlegget

3.3 Forslagsstillar, plankonsulent, eigarskap

MOWI ASA er forslagsstillar og OSE AS utfører planarbeidet. Eigarar innanfor planområdet er private og fylkeskommunen.

3.4 Tidlegare vedtak i saken

Det er ikkje tidlegare vedtak i saka.

3.5 Utbyggingsavtalar

Truleg ikkje relevant, ikkje behov for utbyggingsavtale for tilkopling av ny kommunal sjøvassleidning. Det vil vere behov for gjennomføringsavtale med vegeigar før tiltak langs fylkesvegen kan gjennomførast.

3.6 Plantype og kartgrunnlag

Planarbeidet blir gjennomført som detaljregulering etter plan- og bygningslova § 12-3. Kartgrunnlag vart motteke 10.03.2024 frå Stad kommune via E-torg.

3.7 Plandata

Namn på reguleringsplanen er MOWI Rundereimstranda, gbnr. 271/16 mfl. Planen består av:

- Plankart i målestokk 1:1000, målestokkrett i A3
- Planomtale
- ROS-analyse
- Føresegner
- Overvassleidningar
- Merknadsvurdering etter oppstart av planarbeid
- Innkome merknadar etter varsel om oppstart
- Fagutgreiingar
  - Skred
  - Grunnforhold
  - Naturmangfald
  - Miljøkartlegging
- Saksutgreiing offentleg ettersyn (kommunen som utarbeidar)

4. Planprosess og medverknad

4.1 Varsel om oppstart

Varsel om oppstart vart sendt ut med brev av 28.05.2024 til heimelshavarar, naboar til planområdet og offentleg mynde. Oppstart av planarbeid vart annonsert i Fjordenes Tidende 31.05.2024 og lagt ut på kommunen og OSE AS sine heimesider. Frist for å kome med merknad vart sett til 28.06.2024.

4.2 Innkomne merknadar

Det kom inn 8 merknadar. I vedlegg merknadsvurdering, datert 16.10.2024, er det utarbeidd oppsummering av innkomne merknadar med vurdering og originale merknadar.



VARSEL OM REGULERINGSARBEID

Detaljregulering for MOWI Rundreimstranda, gbnr. 271/16 mfl. - Stad kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, varslar OSE AS med dette at det vert starta arbeid med privat reguleringsplan for akvakultur på Rundreimstranda. Planid: 2024001. Varslingsområdet er vist med stipla strek på kartutsnittet. MOWI ASA står som forslagsstillar og OSE AS står for planarbeidet.

Det aktuelle området ligg på gbnr. 271/16 mfl., og er på omlag 8 daa. Det vart halde oppstartsmøte med Stad kommune 19.04.2024. Formålet med planarbeidet er å regulere til:

- Næring
- Veg/avkøyrsle
- Hamneområde i sjø

Det er konkludert med at reguleringsplanen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

Orientering om saka kan ein få ved å vende seg til OSE AS tlf. 974 89 987 eller e-post: plan@oseing.no. Varslingsdokument for meir utfyllande informasjon ligg på nettsidene til Stad kommune og OSE AS under kunngjeringar. Planområdet grensar til eigedom utan matrikkelnummer mot nord. Dersom nokon kjenner til eigarar av denne eigedomen utover dei som er lista opp i slutten av varslingsbrevet som ein finn på heimesidene, ber ein om at desse opplysningane blir sendt til plan@oseing.no.

Den som har opplysningar av betyding for planarbeidet vert beden om å sende desse skriftleg til OSE AS, per e-post til plan@oseing.no eller Vikeøyrane 7, 6150 Ørsta innan 28.06.2024. Naboar/grunneigarar/partar/offentleg mynde vert varsla med brev.

OSE

Figur 1 Annonse i Fjordenes Tidende 31.05.2024.

4.3 Saksgong

Skissering av normal saksgong ved regulering:

- Varsel om oppstart – frist for merknad 4 veker
- Vurdering av fråsegner, utarbeiding av framlegg til reguleringsplan; plankart, føresegner, planomtale og ROS
- Politisk handsaming for offentleg ettersyn
- Offentleg ettersyn av plandokumenta minimum seks veker
- Gjennomgang og vurdering av innkomne merknadar
- Politisk handsaming for vedtak
- Vedtak av planen i kommunestyret
- Utsending av vedtak
- Klagefrist 3 veker etter mottak av vedtak

4.4 Framdrift

Vidare framdrift i saksgongen, meir usikkert til lenger fram i tid:

- Offentleg ettersyn av plandokumenta i minimum 6 veker – haust/vinter 2024-2025
- Kunngjering av vedtak om godkjenning av kommunestyret vår 2025
- Klagefrist vår/sommar 2025

4.5 Eigedomar innanfor planområdet

Etter matrikkellova skal ikkje kopling mellom namn, adresse og gnr./bnr. bli offentleggjort.

Heile eller delar av eigedomar som blir råka av planarbeidet:
gnr./bnr. 271/16, 272/24, 278/1 og 39.

4.6 Medverknad

Etter innkomne fråsegner til oppstart av planarbeid er det vurdert om det er behov for medverknadsmøte før plandokumenta blir lagt ut til offentleg ettersyn. Det har vore dialog med grunneigar av gbnr. 278/1 gjennom planprosessen.
Det har vore møter med fylkeskommunen vedkomande utforming av avkøyrsle til fylkesvegen.

5. Planstatus og rammer for planområdet

5.1 Statlege rammer

Lov

Plan- og bygningsloven (pbl)

- Utarbeiding av detaljplan etter pbl.

Naturmangfaldlova

- Vurdering av konsekvensar planen vil få for naturmiljø

Folkehelselova

- Vurdering av konsekvensar for folkehelse

Forureiningslova med forskrifter

- Vurdering/avbøtande tiltak mot forureining

Forskrift

Forskrift om konsekvensutredning

- Vurdering om planar og tiltak skal konsekvensutgreiast

Byggteknisk forskrift (TEK17)

- Krav for å føre opp lovlege bygg/tiltak

Vassforskrifta

- Gjev rammer for miljømål av vassførekomstar

Retningsliner

Rikspolitisk retningslinje for samordnet areal og transportplanlegging

- Det blir lagt opp til utbygging av næringsområdet som kan medføre endringar for området

Rikspolitisk retningslinje for universell utforming

- Gje føringar for publikumsbygg/uteareal

Statlig planretningslinje for klima og energiplanlegging i kommunene

- Planen legg opp til utbygging av nærings- og serviceareal

Statleg planretningsline for differensiert forvalting av strandsone langs sjø.

- Planen vil leggje opp til tiltak i strandsona.

Retningsline for behandling av støy i arealplanlegg

- Planområdet ligg innanfor gul støysone, må gje føringar for støy.

5.2 Regionale rammer

Utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024

- Legg føringar for blant anna berekraftig og nyskapande utvikling

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

- Legg føringar for berekraftig verdiskaping

Regional plan klima 2022-2035

- Legg føringar for klimaomstilling og netto nullutslepp

Regional vassforvaltningsplan 2022 – 2027 for Vestland vassregion

- Legg føringar for heilskapleg vern og berekraftig bruk av vatn.

5.3 Overordna planar

Området ligg innanfor to overordna planar; kommunedelplan for sjøareal og kommuneplanen sin arealdel. I gjeldande overordna planar ligg delar av området som næringsareal (BN24), hamneområde i sjø (VHS22), vegføremål (SV22) og LNF (grønt areal. Framlegg til plangrense er synt med blå stipla line.

5.4 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er ikkje regulert før.



Figur 2 Utsnitt av kommunedelplan for sjøareal og kommuneplanen sin arealdel, med framlegg til plangrense synt med blå stipla line. Areal innanfor planområdet er i hovudsak lagt ut til utbyggingsareal.

5.5 Tilgrensande planar

Det er heller ikkje reguleringsplanar i nærområdet til planområdet som vil gje føringar eller påverke denne planen..

5.6 Temaplanar/dispensasjon

I lokal transportplan er det sett eit overordna samferdselsmål: Stad kommune tilbyr eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvenlege transportsystem som dekkjer samfunnet sitt behov for transport, knyter kommunen saman og fremjar lokal utvikling.

5.7 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredning (KU)

Etter § 6b skal reguleringsplanar alltid KU-vurderast etter tiltak i vedlegg I.

Arealbruken er avklart i overordna planar og ønska bruk av området er i hovudsak i samsvar med overordna planar. Det vert lagt opp til justering av arealbruken, areal for utfylling i sjø blir ikkje større enn det som det er opna for i overordna plan, men det blir flytta sør for molo. Vegareal i overordna plan er lagt over akvakulturanlegget, det vert lagt opp til justering av formålet, slik at utviding av vegareal må kome på oversida av vegen, og ikkje redusere nødvendig areal for eksisterande akvakulturanlegg på land. Det blir ikkje lagt opp til ny bygningsmasse over 15 000 m^2 BRA innanfor planområdet.

Sidan det blir lagt opp til justering av avsett utbyggingsareal i overordna plan, vert det vurdert at det ikkje blir krav om konsekvensutgreiing etter § 6 i KU-forskrifta.

Etter § 8 skal planar KU-utgreiast dersom dei får vesentleg verknad for miljø og samfunn og tiltak i vedlegg II. Vurdering etter § 10 i forskrifta:

Eigenskapar for planen/tiltaket:
a) Storleik, planområde og utforming
Planområdet femnar om areal som har vore nytta til akvakulturanlegg, areal på om lag 1,6 daa, utvidingsareal i sjø, hamneområde i sjø, vegareal og naturmark. Det går fylkesveg gjennom planområdet. Planområdet sikrar tilstrekkeleg areal for planlagt utfylling i sjø, tilflott og ny tilkomst frå fylkesvegen, og er på om lag 8 daa. Planområdet er utforma for å sikre tilstrekkeleg areal til planlagde tiltak.

b) Bruk av naturressursar, særlege areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.
Det vert lagt opp til bruk av naturressursar, strandsone. Delar av strandsona er bygd ut med kai og næringsareal. Ressursen er ikkje av avgrensa førekomst.

c) Avfallsproduksjon og utslepp
Det blir lagt opp til å redusere avfallsproduksjon og utslepp frå akvakulturlokaliteten i sjø.

d) Risiko for alvorlege ulykker og/eller katastrofar
Det blir ikkje auka risiko for alvorlege ulykker/katastrofar. Ny avkøyrsel vil bli meir trafikksikker, lågare helling og betre sikt for køyretøy som skal inn på fylkesvegen.

Lokalisering og påverknad som planen kan kome i konflikt med:
a. Planen vil ikkje medføre tiltak i verneområde, utvalde naturtypar, prioriterte artar, verna vassdrag eller kulturmiljø.

b. Planen vil ikkje medføre tiltak som vil skade truga artar eller utvalde naturtypar, verdifulle landskap, verdifulle kulturminne, viktige mineralressursar eller friluftsliv. Det er modellert større tareskogsområde langs Rundereimstranda, med verdi svært viktig. Sidan tareskogområdet er modellert, må det sjekkast ut om det er tareskog i området. Eventuelle konsekvensar for tareskogområdet vil berre få konsekvensar i området for utfylling i sjø.

c. Planen/tiltak kjem delvis i konflikt med statlege planretningslinje, tiltak i strandsona.
Det er eksisterande landbase for akvakulturlokalitet i planområdet, det er sett av areal til utbygging i overordna plan for området.

d. Det vert ikkje lagt opp til omdisponering av LNF-formål som er dyrka. Tiltak etter planen vil heller ikkje medføre at tilkomst til landbruksareal blir vanskeleggjort. Planen vil ikkje få negative konsekvensar for landbruksdrift.

e. Det blir ikkje lagt opp til auka miljøbelastning. Det blir lagt opp til samla mindre miljøbelastning med å fjerne slam frå merdar i sjø. Miljøbelastninga i området blir redusert.

f. Planen vil gje små negative konsekvensar for befolkninga si helse.

g. Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp. Planen vil medføre mindre forureining frå akvakulturanlegget ved å samle opp slam frå merdar i sjø.

h. Risiko for alvorlege ulykker som følgje av naturfarar er liten. Det er gjennomført skredfarevurdering der det for landanlegget er sannsyn for skred på mindre enn 1/1000, for veg er sannsynet mindre enn 1/ 100. Det vart gjennomført ny skredfarekartlegging av areal sør i planområdet, slik at alt vegareal ligg innanfor skredfare med sannsyn mindre enn 1/100. Området ligg under marin grense, det er gjennomført grunnundersøking for å avklare grunnforholda i området.

Planlagde tiltak vert vurdert til å ikkje medføre vesentleg verknad for verken miljø eller samfunn, jamfør § 10 i KU-forskrifta.

Konklusjon
Etter ei samla vurdering blir det vurdert at planarbeidet for detaljplan MOWI Rundereimstranda gbnr. 271/16 mfl. ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing eller planprogram.

6. Planområdet, eksisterande situasjon

6.1 Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Planområdet er del av eksisterande landdel for eit anlegg for akvakulturanlegg, som ligg mellom fjorden og fylkesveg 618. Det er opparbeidd molo, kai og bygningsmasse i nordleg del av planområdet. Landområdet i sørleg del av planområdet er eit smalt areal mellom sjøen og fylkesvegen der det ikkje er gjort tiltak.

6.2 Historisk bilete

Figur 3 Flyfoto frå 1968 av området ved planområdet. Kjelde Norge i bilder.

6.3 Staden sin karakter

Planområdet ligg i område som nesten ikkje er bygd ut, einaste bygningsmasse er MOWI sitt anlegg og fylkesvegen. Strukturar i landskapet er fjorden og fylkesvegen.



Figur 4 Oversikt over automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne i og ved planområdet. Planområdet er synt med grøn line. Kjelde Askeladden.

6.4 Landskap

Definisjon av landskapet etter NiN-systemet: Nedskore fjordlandskap, definert av låg arealbruksintensitet, ikkje jordbruksdominert, nedskore og utan høgt våtmarkspreg.
Planområdet ligg ved Barmsundet, i vestleg helling mot fjorden, på kote 0 – 9 m, med fjell på over 500 m på kvar side av fjorden. Fjorden ligg med retning nord – sør. Fjella vil redusere soltilgang, spesielt på vinterstid.
Det er ikkje registrert spesielt lokalklima, men området er utsett for bølgjepåverknad, men delvis skjerma av Barmøya.
Området har ikkje spesiell estetisk eller kulturell verdi.

6.5 Kulturminne og kulturmiljø

Etter sjekk i Askeladden er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller nyare tids kulturminne i eller ved planområdet. I tilbakemelding frå fylkeskommunen og Bergens sjøfartsmuseum vart det ikkje sett krav om arkeologisk registrering grunna med at potensial for funn av automatisk freda kulturminne vart vurdert som lågt.

6.6 Naturverdiar

Etter sjekk i Artsdatabanken er det ikkje registrert raudlista/truga artar innanfor eller like ved planområdet. Det er registrert albusnegl, med status livskraftig. Det er registrert framand art platanlønn langs fylkesvegen i og ved planområdet.
Etter sjekk i Naturbase er det ikkje registrert verneområde, heilskapleg kulturlandskap, statleg sikra friluftsområde, viktig naturtype eller utvalde naturtypar innanfor eller like ved planområdet. Det er modellert naturtype større tareskogførekomst i og ved planområdet, med verdi svært viktig. Det er gjennomført kartlegging av sårbare artar og naturtypar, sukkertareskog og skjelsand vart registrert.



Figur 5 Oversikt over naturtype stortareførekomst (grøn skravur) i og ved planområdet (blå stipla line). Kjelde Naturbase



Figur 7 Oversikt artar frå Artsdatabanken innanfor og ved planområdet. Kjelde Artsdatabanken.

6.7 Akvakulturanlegg

Landdelen til akvakulturlokalitet 13612 Rundereimstranda ligg innanfor planområdet, lokalisering av merdar ligg rett utanfor landdelen, synt i Figur 6. Biomasse for anlegget er på 4 680 tonn. Det var utsett av laks august 2024, som vil stå ut 2025.
I 2018 varta det gjennomført strandsone undersøking ved lokaliteten, resultat for fjøreindeksen tyder på at miljøtilstanden er god. Delen av eittårige/hurtigveksande algar og grønalgar var låg, som støttar opp om hovudresultatet. Delen av opportunistar var noko høg, og parametergruppa vart vurdert til tilstanden moderat, og kan indikere ei eutrofieringseffekt over eit større område. Det blir tilrådd å gjennomføre neste undersøking kvar 3. produksjonssyklus, truleg sommaren 2028.



Figur 6 Oversikt over akvakulturlokalitet Rundereimstranda, både sjødel og landdel. Kjelde Fiskeridirektoratet.

6.8 Rekreasjonsverdi/ bruk

Det er ikkje registrert i offentleg register at areal innanfor eller ved planområdet er nytta til friluftsliv. Det er heller ikkje registrert bruk av området av dei som jobbar på anlegget.



Figur 8 Området i og ved planområdet er ikkje registrert som friluftsområde, areal vest og aust for planområdet er registrert som friluftsområde, synt med raudaktig flate. Kjelde Fylkesatlas.

6.9 Landbruk

Det er ikkje dyrka jord eller dyrkbar jord i eller ved planområdet. Mellom fylkesvegen og fjorden er det for smalt til å nytte til landbruksformål. På austsida av planområdet er det skog i skråning, søraust for planområdet er det bygd skogsveg i lia.

6.10 Trafikkforhold

Tilkomst
Planområdet har direkte tilkomst frå fylkesveg 618 via privat veg.

Vegsystem
Fylkesvegen er sambindingsveg mellom bygder langs strekninga mellom Måløy og Selje. Vegbreidde ved planområdet er 5,9 m. Fartsgrense er 80 km/t. Planområdet ligg ved oversiktleg rettstrekning på fylkesvegen.

Trafikkmengd
Fylkesvegen har ÅDT (års døgn trafikk) 450 køyretøy, med 10 % lange køyretøy. Grunnlaget for ÅDT er skjønn.
Frå planområdet er det estimert trafikk på om lag ÅDT 18 køyretøy, der om lag 11 % er lange køyretøy.

Vekedagar (8 tilsette, 3 turar per dag (5 dg * 45 veker)/365 = 15 ÅDT
Helg (2 tilsette, 3 turar per dag (2 dg * 7 veker)/365 = 0,5 ÅDT
Varetransport + (3 turar per dag (5 dg * 45 veker)/365 = 2 ÅDT

Ulykkessituasjon
Det er ikkje registrert ulykker ved avkøyrsel til planområdet eller ved planområdet. Næraste registrerte trafikkulykke er om lag 700 m nord for planområdet; utforkøyring i 2011.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar
Det er delt trafikk langs fylkesvegen, syklande og gåande må dele vegen med motorisert trafikk.

Kollektivtilbod
Det er ikkje busstopp ved planområdet, næraste er om lag 700 m mot sør, ved Rundereim.



Figur 9 Oversikt over trafikkulykker ved fylkesveg 618 i området ved planområdet. Trafikkulykke er markert med rosa sirkel, planområdet er indikert med blå sirkel. Kjelde Vegkart SSV

Stikkrenne/kulvert
Det går fleire stikkrenner gjennom fylkesvegen innanfor planområdet som det må takast omsyn til.

Figur 10 Oversikt over stikkrenner gjennom fylkesvegen. Kjelde Statens vegvesen.

6.11 Skipstrafikk

Det er registrert skipstrafikk gjennom Barmsundet, hovudsakleg på vestsida av sundet. Det blir generert båttrafikk mellom landdelen og sjødelen av akvakulturanlegget, i tillegg til transport til landelen frå eksterne hamner.



Figur 11 Oversikt over trafikk for AIS klasse A i 2020, siste tilgjengelege oversikt over trafikk på sjø. Kjelde Kystinfo.

6.12 Barn og unge sine interesser

Det er ikkje tilrettelagt for barn og unge innanfor planområdet, og det er ikkje registrert at barn og unge nyttar området.

6.13 Sosial infrastruktur

Planlagde tiltak etter planen vil ikkje gje konsekvensar for temaet.

6.14 Universell tilgjenge/Tilgjenge etter TEK17

Planområdet ligg i hellande terreng, med smalt areal, som det vil vere utfordrande å få til samanhengande universell utforming av.

6.15 Teknisk infrastruktur

Vatn og avløp

Privat vatn og avløp. Avløp med slamavskiljar og avløp til sjø.

Nettstasjon

Det er nettstasjon søraust for planområdet.

Figur 13 Oversikt over luftline (heiltrukke line) og kabel(stipla line) for straum ved planområdet. Kjelde Linja AS.



Figur 12 Lausmasse i og ved planområdet er skredmateriale. Kjelde NGU.

Høgspentline

Det går 24 kV line langs med fjorden aust for planområdet, med stikk ned mot planområdet til sørleg del. Lina vil ikkje kome i konflikt med tiltak innanfor planområdet. Frå luftline kryssar straumkabel fylkesvegen og ligg langs vestsida av fylkesvegen til landanlegget.

I samband med varsel om oppstart av planarbeid kom lineeigar med merknad om å ta kontakt for avklaring av ledig kapasitet i straumnettet.

Energiforsyning og alternativ energi, fjernvarme m.m.
Det er ikkje alternativ til tradisjonell energiforsyning som hovudkjelde til straum.

6.16 Grunnforhold

Lausmasse
Lausmasse i og ved planområdet er skredmateriale.

Stabilitetsforhold
Planområdet ligg under marin grense, det kan vere fare for kvikkleire og områdeskred.

Leidningar
Det er leidningar i grunnen, blant anna straumkabel frå luftspenn søraust for planområdet og overvassleidningar.

6.17 Bekk/elv

Det er ikkje elv eller bekk innanfor eller like ved planområdet.

6.18 Stormflo/havnivåstigning

Planområdet ligg i strandsona og det vert lagt opp til å byggje ut i strandsona. Ny utbygging må sikrast mot stormflo og havnivåstigning.



Figur 14 Oversikt over oversvømte område for tryggleiksklasse F2. Kjelde Se havnivå.

6.19 Skred

Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for skred; både snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. Det er gjennomført skredfarevurdering i 2018 for del av planområdet, som konkluderte med at areal vest for fylkesvegen ligg innanfor område med sannsyn for skred mindre enn 1/1000, som opnar for tiltak i tryggleiksklasse 2. Sørleg del av planområdet er ikkje



Figur 16 Oversikt over oversvømte område for tryggleiksklasse F1. Kjelde Se havnivå.

skredvurdert i 2018, dette blir gjort i samband med planarbeidet. Figur 15 syner berre aktsemdsområde for steinsprang.



Figur 15 Aktsemdsområde for steinsprang synt med svart skravur. Planområdet er synt med blå stipla line. Kjelde NVE Atlas.

6.20 Klimaprofil

Klimaprofilen gjev eit kortfatta samandrag av klimaet, venta klimaendringar og klimautfordringar i Sogn og Fjordane. Konklusjon frå klimaprofilen som gjeld planområdet er:

Vesentleg auke:

- Det er venta vesentleg auke i episodar med kraftig nedbør, både i intensitet og førekomst. Dette vil føre til meir overvatn.

- Det er venta fleire og større regnflaumar, og i mindre bekkar og elvar må ein vente ei auke i flaumvassføringa.
- Auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred som følgje av auka nedbørsmengder.
- Som følgje av havnivåstigning er det venta auke i stormflo nivåa.

Mogleg vesentleg auke:

- Trass i meir sommarnedbør, kan høgare temperatur og auka fordamping auke faren for tørke om sommaren.
- Kortare sesong for islegging, hyppigare vinterisgangar, og høgare opp i vassdraga. Nesten isfrie elver nær kysten.
- Med eit varmare og våtare klima vil regn oftare falle på snødekt underlag. Dette kan redusere faren for tørrsnøskred og auke faren for våtsnøskred i skredutsette område.

Sannsynleg uendra eller mindre:

- Snøsmelteflaumane vil kome stadig tidlegare på året og bli mindre mot slutten av hundreåret.

Usikkert

- Truleg lita endring i sterk vind.
- Hyppigare episodar med kraftig nedbør vil kunne auke frekvensen av steinsprang og steinskred, men hovudsakleg for mindre steinspranghendingar.
- Det er ikkje venta at klimaendringane vil auke faren for fjellskred vesentleg.

6.21 Forureining

Støy

Trafikk langs fylkesvegen genererer støy. Gul støysone dekkjer austleg del av planområdet. Det er ikkje planlagt å leggje til rette for støyfølsam arealbruk innanfor gul støysone, det blir ikkje utarbeidd støyvurdering.



Figur 17 Oversikt støysone frå vegtrafikk langs fv. 618. Kjelde Fylkesatlas.

Luft
Det er ikkje registrert forureining til luft i eller ved planområdet. Sporadisk kan det vere sjenerande lukt frå planområdet.

Lys
Det er eksisterande næringsverksemd innanfor planområdet, normal bruk av lys vert ikkje sett på som forureining i dette området.

Grunnen
Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller like ved planområdet. I sjø er det registrert for høge verdiar av nikkel, som det må gjerast tiltak for. Det er avløp til sjø frå slamavskiljar frå planområdet.

6.22 Privatrettslege bindingar

Tiltakshavar har hand om areal innanfor planområdet/avtale med grunneigar, der det er behov for tiltak.

6.23 Næring

Planen vil gje små negative konsekvensar for landbruksdrift, men vil leggje til rette for positive tiltak for akvakultur med oppsamling av slam.

6.24 Analyser/ utgreiingar

Det er utført fleire fagutgreiingar;

- Ny skredfare vurdering for sørleg del av planområdet
- Grunnboring i sjø
- Marin kartlegging
- Miljøundersøking av sjøbotnen

7. Omtale av planen

7.1 Planlagt arealbruk

Det blir planlagt for næringsformål, utfylling i sjø, ny avkøyrsle, og flytebryggjer.

7.2 Plangrense

Etter varsel om oppstart er plangrensa endra, den er retta ut i sørvest for å sikre tilstrekkeleg areal for sjøfylling. I dialog med fylkeskommunen ønska dei at heile vegen langs planområdet vart teke med, slik at det ligg til rette for å utvide vegen i dette området. Grøn stipla line syner plangrense som det vart varsla oppstart for, blå line syner plangrense til offentleg ettersyn.

7.3 Prefiks feltnamn/regulert eigarskap

Prefiks til feltnamn i plankartet gjev informasjon om regulering av eigedomstilhøva for respektivt areal. Prefiks f syner at arealet skal vere felles, prefiks o syner at arealet skal vere offentleg. For feltnamn utan prefiks gjev ikkje planen føringar for eigarskap til arealet.



Figur 18 Oversikt endring av plangrense, grøn stipla line syner varsla plangrense, blå stipla line er plangrense til offentleg ettersyn.

7.4 Arealoversikt

Tabell 1 Oversikt arealformål og arealstortleik.

formålskode	formål omtale	feltnamn	eigar	Utnytting	areal m2
1300	Næringsbebyggelse	NÆ	annan eigar	% BYA = 80 %	1 946,1
					1 946,1
2010	Veg	o_V1	annan eigar		1 037,7
2010	Veg	V2	annan eigar		318,1
					1 355,7
2018	Annen veggrunn - tekniske anlegg	o_AVT	offentleg formål		80,8
2018	Annen veggrunn - tekniske anlegg	o_AVT	offentleg formål		648,9
2018	Annen veggrunn - tekniske anlegg	AVT	annan eigar		320,3
2018	Annen veggrunn - tekniske anlegg	AVT	annan eigar		58,5
2018	Annen veggrunn - tekniske anlegg	o_AVT	offentleg formål		804,2
					1 912,7
2041	Kai	KAI	annan eigar		948,8
					948,8
6001	Bruk og vern av sjø og vassdrag	BSV	annan eigar		116,4
					116,4
6100	Ferdsel	FE	annan eigar		3 048,5
					3 048,5
Samla areal					**9 328,3**

7.5 Oversikt reguleringsformål

Næringsbygningar (NÆ)

Eksisterande næringsareal for landanlegget blir regulert til næring. Eksisterande kaifront mot vest skal vidareførast, formålsgrense for næring ligg i kaifronten. Nord i formålet blir det lagt opp til at kaifronten kan utvidast, for å få meir areal nord for eksisterande bygning, og betre tilkome vest for bygget. Dette vil gje enklare logistikk for å nytte eksisterande flytebrygge/utvida flytebrygger. Utviding i sjø i dette området er på om lag 100 m^2. I tillegg blir det teke med nytt areal i sør, nytt areal frå utfylling i sjø langs sørsida av eksisterande molo. Nytt landareal, frå om lag kote 0 og over, blir på om lag 500 m^2. Dette arealet er planlagt nytta til slamhandtering/lagring av slam frå merdane i sjø, logistikk areal for lastebilar og utstyr for drift av lokaliteten. Planen legg opp til at det kan byggjast ny etasje på eksisterande bygning, som vil vere einaste moglegheit for å auke bygningsmassa.

Når det har vorte opparbeidd ny avkøyrsle i sør, skal dagens avkøyrsle fjernast. Det vil frigje meir næringsareal til anlegget, og gje mykje betre arrondering av næringsområdet. Men inntil vidare skal eksisterande avkøyrsel nyttast.

Veg (V#)

Fylkesveg 618 ligg innanfor planområdet. I møte med fylkeskommunen 27.08.2024 vart det oppmoda om at heile vegen vart teke med i planen, for å sikre areal til utviding av fylkesvegen. Det vart også diskutert om det kan vere mogleg å nytte massar frå vegutvidinga til utfylling av næringsområdet, dette må avklarast nærare mellom fylkeskommunen og MOWI. Planen legg opp til utviding av fylkesvegen, der dagens vegkant mot vest blir vidareført, og utvidinga skal skje mot aust. Lineføring, både vertikal og horisontal, blir ikkje endra. Fylkesvegen blir regulert med breidde 6,5 m, slik breidde kan nyttast i sårbart/kostbart terreng, då kan breidda av vegen reduserast med ein 1 m, ordinært krav til vegbreidde er 7,5 m. Det blir lagt opp til ny avkøyrsle i samsvar med Handbok N100 etter dimensjonerande trafikk for V2. Inntil ny avkøyrsel er opparbeidd skal eksisterande avkøyrsel nyttast. Sjå avsnitt 7.18



Figur 19 Plankart med gråtone kart under.

for meir omtale av veg. For tiltak inntil fylkesvegen blir det krav om gjennomføringsavtale med vegeigar.

Annan veggrunn (AVT)

Langs vegareal blir det regulert inn annan veggrunn, sideareal til veg. I formålet inngår skjerings- og fyllingsskråningar, grøntområde, grøfter, murar, stabiliserande tiltak og liknande. Det kan etablerast permanente terrengendringar og nødvendige konstruksjonar innanfor formålet. Teknisk infrastruktur kan leggjast i formålet. Langs veg som er regulert som offentleg, blir annan veggrunn regulert som offentleg areal. Sidearealet blir regulert inn i samsvar med tryggleikssone langs fylkesvegen, 5 m frå vegkant. Sjå avsnitt 7.18 Trafikkløysing om meir informasjon om dimensjonering av tryggleikssone. For annan veggrunn langs næringsareala er det i føresegnene opna for at det kan nyttast til mellombels anleggsområde med tilstrekkeleg sikring mot veg. Dette må avklarast med vegeigar før bruk av areala.
Langs V2 mot sjø blir det sett krav om at det skal murast med stein, for å redusere tiltak i sjø og negative konsekvensar for marine artar generelt og sukkertare spesielt.

Kai – (KAI)

Nordvest i planområdet blir det regulert inn areal for å vidareføre eksisterande flytebryggje, og det er i tillegg lagt til rette for at denne kan oppgraderast/og eller at det kan leggjast ut nye flytebrygger. Det blir ikkje opna for at det kan fyllast ut i sjø innanfor formålet, berre flytande tiltak, som kan fjernast etter

bruken er ferdig. Fortøyingar utanfor formålet skal liggje minst 2 m under vassoverflata for å ikkje hindre sjøtrafikk.

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (BSV)
Innanfor formålet blir det opna for varige tiltak; fyllingsfot til utfylling i sjø, leidningar i sjø og anna nødvendig infrastruktur knytt til akvakulturanlegget. Det kan leggjast forankring innanfor formålet, men det er krav om at desse skal merkast godt og leggjast slik at dei ikkje hindrar ferdsel. Fyllingsfot i sjø er avgrensa av byggjegrense, synt som retningsgjevande avgrensing i plankartet.

Omsynssone
Sikringssone H140
Det er regulert inn sikringssone frisikt i plankartet ved avkøyrsle til fylkesvegen. Sikringssone frisikt gjev restriksjonar på høgde av tiltak/vegetasjon innanfor sona for å hindre redusering av sikt i kryss. Innanfor sona skal det vere fri sikt frå 0,5 m over vegplanet. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast innanfor frisiktsona.

Støysone H220
Delar av planområdet ligg innanfor gul støysone for vegstøy langs fylkesvegen. Det vert ikkje lagt opp til støyfølsam utbygging, vegstøy vil ikkje få konsekvensar for planlagt utbygging.

Faresone – skredfare H310
Planområdet ligg innanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Det er gjennomført skredfarevurdering av planområdet i to omgangar, og det er konkludert med at næringsområdet og veg stettar krav til tryggleik etter TEK17. Næringsområdet ligg i område med sannsyn for alle typar skred mindre enn 1/1000, og bygg innanfor næringsområdet skal plasserast i tryggleiksklasse S2. For vegar er det sannsyn for skred mindre enn 1/100, vegar skal plasserast i tryggleiksklasse S1.

Faresone – flaum H320
Omsynssone for flaum er dimensjonert ut i frå 200 års stormflo i år 2100, som vil gjelde tiltak i tryggleiksklasse F2, synt i figur Figur 14, som er henta frå Se havnivå i kart. Dimensjonerande høgde er 250 cm NN2000. For tiltak i tryggleiksklasse F1 er det Figur 16 som vil gjelde, dimensjonerande høgde 160 cm NN2000. Dette er utan bølgjepåverknad.



Figur 20 Utheving av omsynssone for skred i bratt terreng for skred med sannsyn mindre enn 1/1000 (S2).

Dimensjonerande bølgjehøgde vert sett til 0,6 m, basert på skjønn og erfaring. Området er delvis beskytta av Barmøya.
Dimensjonerande byggjehøgde i høve stormflo og bølgjepåverknad vert sett til kote 3,1 m for tiltak i tryggleiksklasse F2 og kote 2,2 m for tiltak i tryggleiksklasse F1. Skal det byggjast under kotehøgde for dei ulike tryggleiksklassene må tiltaka prosjekterast for å tole å bli oversvømt og tole bølgjepåverknad.
Ny fyllingsfront mot sjø skal prosjekterast for å sikre mot bølgjepåverknad, og sjøfyllinga for å sikre at den er stabil.



Figur 21 Utheving av faresone flaum for tryggleiksklasse F2, H320.

Infrastruktur – H410
Aust i planområdet er det telefonleidning. Det vert regulert inn omsynssone med breidde 4 m ut frå senter, med føresegn om at det ikkje kan gjerast tiltak til skade, og at eigar skal kontaktast for eventuelle tiltak som vil påverke leidninga.

Juridiske liner
Byggjegrense
Det er regulert inn byggjegrense langs fv. 618 mot vest med 9 m frå senterline. Det er om lag 9,3 m frå regulert senterline til husvegg til eksisterande bygg innanfor næringsarealet. Skal det vere mogleg å utnytte området kan ikkje byggjegrensa vere større enn dette.
Langs sjø blir det regulert inn byggjegrense 0,5 m frå formålsgrense.



Figur 22 Utsnitt av plankartet som syner bestemmelsesområde for byggjehøgde.

I sjø er det lagt retningsgivande avgrensing av fyllingsfoten.

Frisiktline
Det er berekna frisiktline ved avkøyrsle, basert på Statens vegvesen si Handbok N100 og lagt inn i plankartet. Sjå avsnitt under 7.16 for dimensjonering.

Bestemmelsesområde – RpBO
For å leggje til rette for tilbygg av ein etasje på eksisterande bygg, som vil måtte bli høgare enn det pbl. opnar for, blir det lagt inn bestemmelsesområde for å avgrense omfanget. Bestemmelsesområdet skal samsvare med eksisterande næringsbygg, og opnar for at det kan byggjast med byggjehøgde inntil 10,5 m over gjennomsnittleg terreng. Generell byggjehøgde for resten av planområdet blir regulert i samsvar med pbl.; inntil 8 m gesimshøgde, og 9 m mønehøgde. Sjå avsnitt 7.8 for meir utførleg om byggjehøgde.

7.6 Utvikling av planområdet

Det vert planlagt å gjennomføre opparbeiding av ny avkøyrsle og utfylling i sjø i løpet av 2025, med atterhald om at det blir løyvd midlar til gjennomføring. Ny avkøyrsle må opparbeidast først for å få tilkome til utfyllingsområdet. Når det er fylt ut i sjø slik at ein kan kome til eksisterande landareal, må ein vurdere om eksisterande avkøyrsle skal fjernast (masse kan truleg nyttast til sjøfylling) eller om det må fyllast ut meir i sjø før eksisterande avkøyrsel kan fjernast. I ein periode må begge avkøyrslene vere råd å bruke. Arbeidet langs fylkesvegen må skje i dialog med vegeigar, og det blir sett krav om gjennomføringsavtale i føresegnene før det kan gjerast arbeid inntil fylkesvegen.

7.7 Plassering av bygningar og utforming

Byggjegrenser er synt i plankartet. Bygningar skal plasserast innanfor byggjegrensene på land, men andre frittståande tiltak enn bygningar kan førast opp utanfor byggjegrense; biloppstilling, kai, veg, pullertar, siloar, tankar m.m.



Figur 23 Illustrasjon som syner volum av tilbygg med ny etasje over eksisterande næringsbygg.

Det kan ikkje førast opp tiltak som medfører trafikkfare langs fylkesvegen; sikthinder eller liknande.

7.8 Utnytting/byggjehøgde

Høgde bygningar
Eksisterande bygning har gesimshøgde om lag kote 7,3 m, målt ut i frå FKB-kart. Med golv på om lag kote 2,5 m, har bygget ei høgde på om lag 6 m over terreng. Det er ønskeleg med meir bygningsmasse på sikt. Men næringsområdet er smalt, og det er også behov for meir areal på bakkenivå til andre tiltak og logistikkareal. For å auke bygningsareal er det ønskeleg å leggje til rette for ein ny etasje oppå eksisterande bygg. For å sikre tilstrekkeleg høgde, vert det regulert med ei byggjehøgde på 10,5 m, om lag kote 13 m. Denne byggjehøgda blir avgrensa for eksisterande bygg med bestemmelsesområde. Generell byggjehøgde for resten av planområdet følgjer plan- og bygningslova, med 8 m gesims og 9 m mønehøgde.

Grad av utnytting
Det blir sett utnytting (%BYA) på inntil 80 % for næringsområdet. Det er ønskeleg med høg utnytting av området for å sikre best mogleg utnytting av landarealet. Samla bygningsmasse som er planlagt vil ikkje utgjere truleg meir enn 20 - 30 %. Men det må førast opp ulike tiltak utanfor bygget; slamoppsamling, tankar og andre tekniske innretningar. I tillegg skal krav til biloppstillingsplassar reknast inn i utnyttinga. Grad av utnytting (rettleiar) skal nyttast for berekning av byggjehøgde og utnytting.

Tal arbeidsplassar, tal m² næringsareal
Planlagt utbygging vil truleg ikkje føre til noko auke i arbeidsplassar, men det vil medføre mykje meir rasjonell bruk og utnytting av området, som vil lette logistikken for heile anlegget. Ny bygningsmasse blir estimert til om lag 250 m^2 for ny etasje. Det må leggjast til rette for andre tiltak, slamhandtering, tankar og andre tekniske innretningar, dette er vanskeleg å gje storleik på.

7.9 Uteopphaldsareal

Det bør leggjast til rette for uteopphaldsareal som kan nyttast til kvile og matpause for næringsareala. Plassen bør ha sol midt på dagen.

Planområdet ligg langt frå bustadar og anna busetnad.

7.10 Universell utforming/tilgjenge etter TEK17

For alle verksemder som tek i mot kundar vil det verte sett krav om universell utforming og tilgjengelegheitskrav til dei områda som publikum har tilkomst til. Dagens tilkomst vil ikkje stette krav til universell tilkomst, heller ikkje ny veg vil ha helling som stettar krav til helling, den vil vere på inntil 8 % (1:12,5).

7.11 Rekreasjon/friluftsliv

Planen legg ikkje noko føringar for friluftsliv, det blir ikkje omdisponert areal som er sett av til/eller brukt til friluftsliv. Det er ikkje registrert at strandsona har vore nytta i noko særleg grad til friluftsliv.

Det vil vere tilgang til store areal med strandsone nord og sør for planområdet, som ser ut til å ha betre/like gode kvalitetar enn arealet innanfor planområdet. Sør for planområdet er det mogleg å parkere langs fylkesvegen.

7.12 Barn og unge

Planen legg ikkje spesielle føringar for barn og unge. Med den arealbruken det blir lagt opp til er det ikkje ønskeleg å leggje til rette for at barn og unge skal nytte areal innanfor planområdet til opphald eller leik.

7.13 Estetikk

Det må vere god utforming og fargebruk av ny bygningsmasse, det må søkjast å redusere massive flater, med materialval, bygningsdetaljar og fargeval. Nytt påbygg vil liggje oppå eksisterande bygg. Ein bør utforme nytt bygg slik at området får eit arkitektonisk løft, og leggje til rette for kvalitetsheving av eksisterande bygningsmasse på sikt.
Skjeringar og utfyllingar for planområdet må utførast mest mogleg tiltalande innanfor den funksjonen dei skal stette. Det bør nyttast natursteinsmur/plastring så langt som råd, spesielt i synlege skjeringar. Der det er mogleg bør det leggjast opp til raskast mogleg revegetasjon for å skjule terrenginngrep. Det er sett krav om å nytte stadeigne artar/norske prydplanter i føresegnene.

7.14 Folkehelse

Det blir regulert betre tilkomst til anlegget, med betre arrondering av næringsareal og meir areal som vil lette logistikken innanfor området. Ny avkøyrsel og nytt areal vil få lita helling, som vil sikre god tilkomst og betre manøvreringsareal for køyretøy. På sikt blir det betre og tryggare avkøyrsel.

7.15 Teknisk infrastruktur

Straum
Det er ført fram straum til planområdet. Framlegg til utbygging innanfor planområdet vil ikkje gje trong for noko særleg meir straum. Det vert opna for at nettstasjon kan plasserast innanfor planområdet. Det blir halde jamleg dialog med netteigar.



Figur 24 Illustrasjon som syner ny avkøyrsle og tilkomst veg til næringsområdet.

Forbruksvatn
Det er vatn frå privat vassforsyning til dagens anlegg. På sikt vil ein kople seg på framtidig kommunal vassleidning som vil liggje i sjø like ved anlegget.

Spillvatn
Det er privat avløpsleidning til sjø, frå slamavskiljar. Det er usikker kapasitet. I samband med byggjesøknad for ny bygningsmasse vil det bli vurdert om eksisterande anlegg er tilstrekkeleg eller om det er behov for oppgradering.

Brannvatn
Per i dag er det ikkje tilstrekkeleg kapasitet for brannvatn. Det er mogleg å bruke sjøvatn. På sikt vil brannvatn bli sikra med tilkopling til kommunal vassleidning.

Fiber
Nødvendig fiber er ført fram til planområdet.

Avfallshenting
Dagens avfallsløysing blir vidareført, drift og vedlikehald av nytt anlegg vil ikkje medføre særlege endringar i høve dagens bruk. Det blir lagt opp til oppsamling av slam frå sjømerdar på land. Dette vil bli frakta vekk enten med bil eller via båt frå planområdet.

7.16 Trafikkløysing

Fylkesveg 618 vert vurdert å ha dimensjoneringsklasse lokale vegar – L1, basert på ÅDT under 1 500 køyretøy, fartsgrense 80 km/t, og at haldningsklasse er lite streng.
I sårbart/kostbart terreng kan 2 feltsvegar byggjast med vegbreidde 6,5 m, jamfør 3.4.1-1_1 i handbok N100, i staden for å nytte 7,5 m breidde.
Stoppsikt for fartsgrense 80 km/t er 105 m. Ikkje tillegg for rettstrekning.



Figur 25 Handbok N100 opnar opp for at det kan nyttast veg med breidde 6,5 m i kostbart/sårbart terreng, jamfør 3.4.1-1_1. Kjelde Handbok N100.

Stoppsikt
Dimensjonerande for frisikt på fylkesvegen er stoppsikt. Stoppsikt for L1 veg er 105 m, jamfør tabell 3.3.4 – 20 i vegnormal N100. Stoppsikta er uavhengig radius for horisontalkurvaturen. For avkøyrsler er stoppsikt lik frisikt for

avkøyrsler – 105 m. Siktkrav i avkøyrsler med ÅDT under 50 køyretøy er 6 m for 80 km/t fartsgrense. Det er lagt inn omsynssone frisikt med føresegner for sikttrekant som ligg utanfor fysisk opparbeidd veg.
Ved regulert avkøyrsle kan det berre nyttast rekkverk som stettar krav til frisikt, autovern under 0,85 m høgde. I tillegg er det nødvending med 1 meter med flatt terreng bak rekkverket for å ta opp eventuell deformasjon av rekkverket. Utanfor frisiktområdet kan det nyttast alle typar rekkverk, då det ikkje er restriksjonar på høgde. Med betongrekkeverk er det



Figur 26 Utsnitt av plankartet for frisiktline.

ikkje nødvendig med flatt terreng bak rekkverket, og vil vere enklare å nytte dette der det er sidehelling på terrenget langs vegen.
Innanfor frisiktområdet vil det vere mogleg å heve terrenget slik at ein får tilstrekkeleg areal til å kunne nytte autovern. Det må påreknast muring i søraustre del av NÆ for å få til dette.

Tilkomst
Det blir lagt opp til ny tilkomst sør i planområdet, som vil gje slakare og meir vinkelrett tilkomst og betre sikt i avkøyrsla. Eksisterande tilkomst må nyttast inntil ein får opparbeida ny tilkomst og delvis fylt ut nytt næringsareal. Så snart regulert ny tilkomst er opparbeidd og kan nyttast som tilkomst for planområdet, skal dagens avkøyrsel stengjast.
Eksisterande avkøyrsel er ikkje regulert inn, men eksisterande bruk kan nyttast inntil ny tilkomst blir opparbeidd. Det blir sett rekkjefølgjekrav om at eksisterande avkøyrsel skal fjernast så snart ny avkøyrsel er opparbeidd og kan takast i bruk som tilkomst til planområdet. Før ny avkøyrsla kan takast i bruk må delar av næringsområdet vere fylt ut slik at det mogleg å snu for lastebil. Masse frå eksisterande er planlagt nytta til utfylling i sjø, både for å redusere tilkøyring av masse, og få betre logistikk på næringsarealet. Før eksisterande avkøyrsle blir stengt kan berre ny avkøyrsle nyttast til anleggstrafikk til opparbeiding av veg og næringsareal.

Eigedomstilhøve
Fylkesvegen blir regulert som offentleg veg.

Ny tilkomstveg vil bli opparbeidd og eigd av MOWI ASA. Det blir ikkje gjeve føringar for eigarskap for V2.



Figur 27 Vertikalkurvatur av ny tilkomst veg - V2.

Utforming av vegar

Fylkesvegen blir regulert med vegbreidde 6,5 m, synt i Figur 25. Det blir teke utgangspunkt i vegkant mot vest, den skal bestå, slik at senterline blir trekt om lag 0,5 m mot aust i høve midtline dagens veg, og all utviding av vegen kjem på austsida av eksisterande veg. Dette for å oppretthalde avstanden til næringsområdet.

Det er forprosjektert horisontal og vertikal kurvatur i Gemini Terreng. Det vert ikkje lagt opp til endringar av vertikal- eller horisontalkurvatur av vegen. Det blir lagt opp til at det skal lagast til ny tilkomstveg til landanlegget sør for eksisterande avkøyrsel. Denne vil gje betre vertikal- og horisontal kurvatur, og betre sikttilhøve langs fylkesvegen, då køyretøy kjem meir vinkelrett på vegen.

Breidde og stigningsforhold

Fylkesvegen blir regulert med breidde 6,5 m inklusiv skulder. Horisontal- og vertikal kurvatur blir ikkje endra. Det blir lagt opp til at fylkesvegen blir breiare enn dagens veg.

Ny tilkomst veg blir regulert med breidde 6 m inklusiv skulder. Maksimal stigning på tilkomstvegen blir 8 %.

Trafikkmengd

Ved MOWI sitt anlegg er det i dag 5 personar, det blir truleg tilsett 2 personar når slamanlegget er ferdig opparbeidd. 7 tilsette (inklusiv service og varelevering) x 4 bilturar x 250 arbeidsdagar/365 dagar i året gjev ÅDT på 20 køyretøy.
For helg og ferie vert ÅDT estimert til 2 tilsette x 3 bilturar x 115 dagar/365 dagar i året, som gjev 2 køyretøy.
Samla ÅDT vert estimert til 22 køyretøy.

Geometri avkøyrsle
Avkøyrsler til planområdet (V2) blir regulert med kurveradius 12 m. Avkøyrsla vil ha trafikk med lange køyretøy, og blir dimensjonert for lastebil. Det vil ikkje vere mogleg å snu med større køyretøy som vogntog eller semitrailer innanfor planområdet.

Tryggleiksavstand
Krav til tryggleiksavstand langs veg med ÅDT under 1500 køyretøy og fartsgrense 80 km/t er 5 m. Einaste tillegg som er aktuelt er tillegg for fallande terreng. På grunn av høgdeforskjell mellom næringsområdet og veg, og terrenget elles langs fylkesvegen, vil det ikkje vere mogleg å stette krav til sideterreng mot vest. Det må førast opp autovern, slik det er i dag.

Beskrive avvik frå vegnormalen
Det blir ikkje lagt opp til avvik frå vegnormalane.

Krav til samtidig opparbeiding
Det blir ikkje sett krav om samtidig opparbeiding.



Figur 28 Utsnitt av plankartet som syner avkøyrsle til fylkesvegen.

Varelevering
Varelevering blir vidareført som før inntil ny avkøyrsle blir opparbeidd. Ny avkøyrsle vil gje gunstigare tilhøve også for varelevering.

Gjennomføringsavtale
Ved tiltak der fylkeskommunen stiller eksisterande veggrunn til disposisjon for tiltak, og/eller der fylkeskommunen vil vere reell eigar av fylkesvegarealet etter overtaking, til dømes autovern, vil det bli stilt krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Før arbeid med etablering av nye avkøyrslar blir sett i gang må det bli teke kontakt med Vestland fylkeskommune for gjennomføringsavtale, det må liggje føre godkjent avtale før tiltak inntil fylkesvegen kan gjennomførast. Areal innanfor fylkesvegen si tryggleikssone og/eller fylkeskommunen sin eigedom må ikkje bli endra utan løyve og/eller gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

7.17 Parkering

Krav i kommunedelplan Selje for parkering er 1 plass pr 100 m^2 bruksareal næringsbygg. Det blir regulert om lag 450 m^2 samla bruksareal innanfor planområdet, dette gjev krav om 5 biloppstillingsplassar. Truleg blir det behov for fleire biloppstillingsplassar, det vil det vere mogleg å få til innanfor planområdet når ny avkøyrsle er opparbeidd. Tilbygget vil ikkje bli oppført før ny avkøyrsle er opparbeidd.

7.18 Kollektivtilbod

Planen legg ikkje føringar for kollektivtilbodet. Avkøyrsle ligg på oversiktleg rettstrekning, slik at det kan vere mogleg med kantstopp i vegen.

7.19 Mjuk ferdsel

Planen legg ikkje føringar for mjuk ferdsel. Men framtidig utviding av fylkesvegen vil leggje betre til rette for mjuk ferdsel med breiare veg.

7.20 Sosial infrastruktur

Planen legg ikkje føringar for sosial infrastruktur.

7.21 Planlagde offentlege anlegg

Utviding av fylkesvegen vil vere tiltak på offentleg anlegg. Tidshorisont for utbygging er usikker.

7.22 Eigedomsinngrep

Tiltak knytt til MOWI sitt landanlegg sør for gbnr. 271/16, tilkomstveg og fyllingsfot i sjø, er avklart med eigar av gbnr. 278/1.
